



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavingdelinga**

**Forvaltingsplan for  
Søysetøran naturreservat  
i Surnadal kommune**



*Oversiktsbildet på framsida viser Søysetøran naturreservat i Surnadal kommune (foto: fylkesmannen).*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE  
[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

Rapport nr:

2014:6

Dato:

11.02.2014

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR SØYSETØRAN NATURRESERVAT

**Forfatter:**

Maria Aastum og Jorunn Mittet Eriksen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

Med medhald i forskrift av 08.02.2002 om fredning av Søysetøran naturreservat, Surnadal kommune, § 8, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjent forvaltingsplanen.

**Referat:**

Søysetøran naturreservat blei verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Området er verna for å ta vare på det biologiske mangfaldet i eit av dei mest intakte elvedeltaene i fylket som er i tilknytning til eit varig verna vassdrag. For å ta vare på desse verdiane er det vedteke verneforskrift for området. Denne forvaltingsplanen skal utdjupe kva som er tillate og kva som er forbode etter forskrifta. Planen skal vidare kartlegge verneverdiane og brukarinteressene, samt definere bevaringsmål og tiltaksbehov.

Bevaringsmåla i forvaltingsplanen er fastsett med bakgrunn i verneformålet. Dei viktigaste verdiane i reservatet er knytt til sjølve deltaet, strandenga, furuskogen og tilhøyrande plante- og dyreliv. Forvaltingsplanen definerer tiltak som å hindre nye inngrep, fjerne framande artar og halde strandenga open.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

**Emneord:**

Naturvern, naturkvalitet, forvaltingsmål, bevaringsmål, skjøtsel.

ISBN (Nett utgåve): 978-82-7430-277-8

ISSN: 1891-876X



Ulf Lucasen  
Fagsjef



Linda Aaram  
Konst. Direktør miljøvernavingdelinga

## Innhold

1 INNLEIING .....	6
2 SKILDRING OG STATUS .....	7
2.1 Områdeskildring .....	7
2.2 Egedomsforhold .....	7
2.3 Brukshistorie.....	8
2.4 Naturfaglege verdiar .....	8
2.4.1. Vegetasjon.....	8
2.4.2. Fugle- og dyreliv .....	9
2.4.3. Truslar.....	10
2.5 Bevaringsmål .....	12
2.5.1 Fugleliv.....	12
2.5.2. Vegetasjon.....	12
Tabell 1: Bevaringsmål og tiltak for Søysetøran naturreservat.....	14
3 BRUKARINTERESSER .....	16
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	16
3.2 Jordbruk og skogbruk .....	16
3.3 Friluftsliv og jakt .....	19
3.4 Informasjon .....	20
3.5 Bygningar og tekniske inngrep .....	21
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK .....	22
4.1 Oppsyn.....	22
4.2 Skjøtsel .....	22
4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	23
4.4 Informasjon .....	23
5 SAKSHANDSAMING .....	24
5.1 Forvaltingsstyresmakt .....	24
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning .....	24
5.2.1 Verneforskrifta .....	24
5.2.2 Naturmangfaldlova.....	24
5.2.3 Forholdet til anna lovverk .....	25
5.2.4 Utgreiing om unntaksreglane i verneforskrifta .....	26
5.2.5 Søknadspåttige aktivitetar og tiltak .....	27
5.2.6 Skjøtsel .....	28

5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta .....	28
5.2.8 Retningsliner for sakshandsaming.....	28
6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT .....	29
7 REFERANSAR.....	30
Publikasjonar .....	30
Nettstader .....	30
8 Vedlegg .....	31
Vedlegg 1 – Verneforskrift Søysetøran naturreservat .....	31
Vedlegg 2 – Naturmangfaldlova .....	33
Vedlegg 3 – Tabell over planlagde tiltak i Søysetøran naturreservat.....	35
Vedlegg 4 – Artsliste over registrerte planter i Søysetøran naturreservat .....	36
Vedlegg 4 – Kart over friluftsområde .....	37
Vedlegg 5: Infotavle Søysetøran naturreservat.....	38
Vedlegg 6: Sakshandsaming av forvaltingsplanen for Søysetøran naturreservat.....	39



## 1 INNLEIING

Søysetøran naturreservat i Surnadal kommune (figur 1 og 2) vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. november 2002 som ein del av verneplan for havstrand/elveos i Møre og Romsdal. Føremålet med fredinga er å ta vare på det biologiske mangfaldet i eit av områda i fylket som har det mest intakte elvedeltaet i tilknytning til eit varig verna vassdrag. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltningsstyresmakt for Søysetøran naturreservat.



Figur 1: Søysetøran naturreservat i Surnadal kommune (foto: Øyvind Leren, 1992)

Forvaltningsplanen skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta (vedlegg 1). Planen kan ikkje utforme retningsliner som går ut over det som er heimla i forskrifta. Vidare skal forvaltningsplanen sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningsliner for bruk, informasjon, skjøtsel og sakshandsaming. Planen skal gi ei skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser i området, og med bakgrunn i denne informasjonen definere bevaringsmål. Vidare skal planer skildre naudsynte eller ønskja skjøtselstiltak, samt synleggjere ansvarsforhold og forvaltningsstyresmakt. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningsliner for forvaltninga av området.

Søysetøran naturreservat omfattar Søyas delta og strandlinja nord og sør for deltaet. Søya er varig verna mot kraftutbygging. Deltaet er eit viktig raste-, hekke- og overvintringsområde for sjø- og vassfugl. I reservatet er det fine strandenger samt furuskog med innslag av gråor, rogn, selje og bjørk.

Møre og Romsdal fylkeskommune utarbeida i 1994 i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal ein fylkesdelplan for elveoslandskap i fylket. Formålet var å leggje eit betre grunnlag for ei heilskapleg forvaltning av denne naturtypen.

## 2 SKILDRING OG STATUS

### 2.1 Områdeskildring

Søysetøran naturreservat ligg på Kvanne ved innlauget til Todalsfjorden. Reservatet omfattar Søya sitt delta og strandlinja nord og sør for utløpet. Innover grensar strandvegetasjonen mot ein ballplass og ein kulturpåverka furu- og oreskog. I bukta er det eit friluftsområde, og det er bilveg ned til stranda samt parkeringsplass. Sjølve elveosen og det næraste deltaet er relativt urørt, og er eit av dei mest intakte elvedelta i tilknytning til eit verna vassdrag og typeeksempel på eit delta av middels storleik i dei midtre fjordstrøka. Dei fleste større elvedelta i Møre og Romsdal og elles i landet er bygde ned. Vernet av Søysetøran har difor sikra eit unikt naturdokument for framtida.

Elvedeltaet er endestasjonen for massetransporten frå Søya. Når vatnet i utløpet misser farta, vil materialet som vatnet transporterer gradvis botnfelle. Størstedelen av dette materialet (vanlegvis sand og grus) blir ført ut og avsett i skrålag utanfor deltakanten like under fjæremålet. Saman med landhevinga fører dette til at deltaflata byggjer seg sakte opp over havnivået. Deltaet består såleis av ei oversjøisk og ei undersjøisk flate som delvis vert tørrlagt ved fjøre sjø.

I Søya sitt delta har det utvikla seg ei grus- og steindominert strand. Den sørlege delen av stranda har meir sand og silt. På sørsida av deltaet er det ei bratt klippestrand, og på nordsida av deltaet er det også steinstrand.

Området dekkjer eit totalareal på om lag 325 dekar, av dette er ca. 230 dekar sjø. Heile 73,5 % av det totale arealet er såleis vatn. Vidare er 12,6 % innmarksbeite, 8,4 % barskog, 4,6 % lauvskog, 0,8 % «anna jorddekt fastmark», og 0,2 % er opparbeidd areal.

Søysetøran naturreservat er verna for å ta vare på det biologiske mangfaldet i området. Reservatet er eit viktig hekke-, raste- og overvintringsområde for fugl. Langs sjøen er det fine og verdifulle strandenger. Lokaliteten vart skildra som ein middels artsrik plantelokalitet med 69 registrerte artar i 1984.

I følgje vegetasjonsatlasen (Moen, 1998) ligg Søysetøran naturreservat innafor sørboreal sone (sørleg barskogsone). Barskog dominerer i denne sona, men det finst store areal med oreskog og høgmyr, samt bestander av edellauvskog og tørrengvegetasjon. Typisk for sonen er eit sterkt innslag av artar med krav til høg sommartemperatur. Denne sonen dominerer ved havnivået på vestlandet nord for Sunnmøre. I kystområda i Møre og Romsdal går sonen opp til om lag 200 meter over havet, medan den i dei indre strøk (Romsdalen, Sunndalen innover til Lønset) går opp til om lag 400 moh.

### 2.2 Eigedomsforhold

I verneforskrifta er følgjande eigedommar lista opp innafor Søysetøran naturreservat:

gnr./bnr.: 114/1, 115/4, 6, 7 og 11.

Sidan 2002 da området vart verna, har det vore gjort endringar i eigedomsforholda, og ved ein ny sjekk fann vi at gards- og bruksnummer 115/6 og 115/7 ikkje er innafor vernegrensene. Vidare viser det seg at gnr./bnr. 115/10, 115/14 og 115/134 har areal innafor det verna området. Forskrifta vil bli retta opp.

## 2.3 Brukshistorie

Grunneigarar har heldt området i hevd i mange år. Områda som no er naturreservat var tidlegare nytta til beite for ulike beitedyr. Det er bra om beiteaktiviteten tek seg opp att.

Området har lenge vore nytta til friluftsliv. Søysetøran er ein fin badeplass med etablert grillplass, eit overbygd opphaldsareal, sandvolleyballbane og toalett. Det er sett ut søppeldunkar ved parkeringsplassen. Om sommaren ligg det ei badeflåte i sjøen, som blir drege på land for lagring vinterstid. Tidlegare var det bål plass i tangvollen, noko som skada vegetasjonen. Denne er ikkje lenger i bruk.

Søraust i reservatet ligg eit gammalt naustområde. Etter stormen «Dagmar» i desember 2011, vart eitt av nausta rasert. Forvaltingsstyresmakta rydda opp restane påfølgjande år. Berre eit naust står no att, og det har ikkje vore i bruk dei siste åra.

Det er elles fleire båtutlegg i området. Det har tidlegare vore teke noko grus sør i verneområdet.

## 2.4 Naturfaglege verdiar

### 2.4.1. Vegetasjon

Dei viktigaste botaniske verneverdiane i reservatet er knytt til strandengene. Her veks ulike grasartar og andre plantar som i varierende grad blir påverka av sjøvatn og ferskvatn. I ei strandeng vert såleis variasjonen mellom plantesamfunna stor. Nokre artar toler mykje sjøvatn, medan andre veks der påverknaden frå sjøen er liten. Slike område får særeigne økosystem og eit rikt biologisk mangfald. Lokaliteten er skildra som middels artsrik med 69 registrerte artar.

Landforma av vasslirekne er funne her, og denne planten er relativt sjeldan i Møre og Romsdal. Den norske ansvarsarten fjordskjørbuksurt (*Cochlearia officinalis*) og småhavgras (*Ruppia maritima*) er også registrert her. I reservatet finn vi fleire plantesamfunnstypar. Mellom anna finn vi skjørbuksurt-forstrand, strandstjerne-forstrand, saltsiv-eng, raudsvingel-eng, pøylestorr-pøl, strandrug-strandarve-voll og lågurt-fleirårsvoll med gåsemure.



Figur 2: Strandrug. Foto: Maria Aastum






Figur 3: Strandmelle i Søysetøran naturreservat. Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Langs vernegrensa aust for strandengene er det ein fin gamal or- og furuskog. Innimellom er det også innslag av selje, rogn og bjørk.

#### 2.4.2. Fugle- og dyreliv

Området er eit viktig hekke-, raste- og overvintringsområde for sjø- og vassfugl. Den sørlege delen av området har ei fjøremarkstrand. Denne utgjør ein viktig del av reservatet for vadefuglar. Elva har oppgang av laks og sjøaure.

Trass i ein nedgang i talet på mange artar av sjø- og vassfugl, har det i dei seinare åra vore observert mange ulike fugleartar i Søysetøran naturreservat. I 2013 vart det mellom anna registrert fleire andefuglar som laksand, stokkand, ærfugl og siland i området, i tillegg til den raudlista arten vipe. Havørn, hegre, tjeld, songsvane samt sandsvale og taksvale er også observert i reservatet. Området er eit viktig yngleområde for vade-, måse og alkefuglar.



Figur 4: Silandpar. Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Dei grunne områda er eit godt matfat for både fisk og fugl. Det er også ein god del rådyr som beiter her.

### 2.4.3. Truslar

Tilstanden til dei viktigaste verneverdiane i Søysetøran naturreservat er relativ god. Verneområdet totalt sett er vurdert til ikkje å vere trua per 2013. Likevel er det fleire faktorar som har negativ innverknad på naturkvalitetane og som må følgjast opp på ulike vis.

I Søysetøran naturreservat er det registert fleire artar som er oppført på Artsdatabanken si «Svarteliste». Artane på svartelista er framande artar i naturen, dei spreier seg raskt og har evna til å utkonkurrere stadeigne plantar. Dei er vurdert etter kor stor økologisk risiko dei vil kunne ha for norsk natur og delt inn i ulike kategoriar; ingen kjent risiko, lav risiko, potensielt høg risiko, høg risiko og svært høg risiko.

Rynkerose er kategorisert som ein art med svært høg risiko. Denne arten har fleire etableringar i Søysetøran naturreservat. Det har i det seinaste vore gjort ein innsats for å fjerne rynkerose i reservatet. Det ser ut til at det har vore vellukka, men enno er det nokre førekomstar att som må fjernast.

Nord aust i reservatet, langsetter elva, finn vi store førekomstar av kjempespringfrø. Denne arten er heimehørande i Himalaya, men spreier seg raskt i Noreg, og er vurdert som ein høgrisikoart. Kjempespringfrø formeirer seg berre med frø, og frøa overlever ikkje meir enn eit år. Planten er eittårig, så om ein klipper han ned og er nøye med å fjerne nye skot før dei utviklar blomster, skal det vere mogleg å bli kvitt han. Langsetter elva finst det nokre få, små førekomstar av hagelupin (svært høg risiko).

Det er og funne nokre førekomstar av vindel (*Ipomoea sp.*) langsetter elva. Denne planten er òg ein framand art i Noreg, men ut frå eksisterande data skal den ikkje ha evne til å reprodusere i norsk natur.

Ved vegen nord for parkeringsplassen veks ein forvilla svarturbær. I svartelista er svarturbær vurdert som ein art med ingen kjent risiko for norsk natur. Arten er uansett ikkje heimehørande på Søysetøran og bør difor fjernast.

Rett utanfor vernegrensa på nordsida har det vore dumpa noko hageavfall. Å dumpe hageavfall i naturen er ikkje heldig då det lett kan vere plantedelar og frø i avfallet som kan føre til at framande artar spreier seg vidare. Her må ein følgje med så ikkje nye framande artar etablerer seg innanfor verneområdet. Like utafor grensa nord aust for reservatet er det registrert japanpestrot (høg risiko).





Figur 5: Svartsurbær er ein av fleire framande artar som har spreidd seg inn i Søysetøran naturreservat. Foto: Maria Aastum

Det er opp gjennom tida gjort fleire små inngrep på Søysetøran. I dei nedre delane av elva finn vi ei gamal forbygging, og her har elva også vorte kanalisert. Det går to vegar inn i naturreservatet, ein inn frå nordaust og ein lenger sør. Den siste blir nytta til og frå båtutleggane. Shovling og rydding har nokre stadar i området gjeve ein unaturleg tangvollvegetasjon og tilløp til unaturlege sanddyner.

Det er opparbeidd eit friluftsområde i reservatet. Her er det sandvolleyballbane, eit overbygd opphaldsareal, grillplass og eit eige toalettus. Det er etablert plen i dette området. Tidlegare har det vore brent bål i strandsona utanfor friområdet, men denne uheldige praksisen er det no slutt på. Vegetasjonen vart øydelagt og rundt bålplassen vart det tilført næringsrike stoff som endra vegetasjonen i eit areal rundt bålet. Ein eventuell bålplass bør plasserast i friluftsområdet, der det ikkje vil øydelegge strandeng-vegetasjonen. Vi gjer merksam på at brenning av sankthansbål også krev godkjenning frå Surnadal brannvesen, i følgje «Forskrift om brenning av avfall, Surnadal». Ei badeflåte blir lagra på land om vinteren. Denne bør ikkje ligge rett på strandenga. Nærare elva er det sett ut nokre benkebord.

Det går eit køyrespor nordover frå parkeringsplassen og ut til området med båtutlegg. Det er fleire som køyrer langs dette sporet. Slik køyring er ikkje tillate etter verneforskrifta og heller ikkje etter «Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag».

På Søysetøran er det relativt lite søppel, berre nokre spreidde plastkanner og liknande.





Figur 6: For å stoppe ulovleg køyring langs dette køyresporet skal det settast opp eit gjerde eller ein bom i nærleiken av parkeringsplassen. Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## 2.5 Bevaringsmål

Formålet med å verne Søysetøran naturreservat er i følge verneforskrifta å «*ta vare på det biologiske mangfaldet i eit av områda i fylket som har det mest intakte elvedeltaet i tilknytning til eit varig verna vassdrag*». Særleg viktig vil det vere å ta vare på fredingsområdet sin verdi for våtmarksfuglar til alle årstider. Dette gjeld både for landarealet og vassarealet, og vil best løysast ved å hindre tap av dei ulike natur- eller vegetasjonstypene.

### 2.5.1 Fugleliv

Området er viktig for hekkande, trekkjande og overvintrande fuglar. Det manglar systematiske undersøkingar over tid i reservatet, men det finst registreringer i artsobservasjonar.

Vi har ikkje utarbeida bevaringsmål som går på spesifikke fugleartar, men heller fokusert på habitat vi ser på som viktige for fuglane (sjå tabell 1). For Søysetøran gjeld dette særskilt strandenga og fjøremarkstranda. Eitt av bevaringsmåla vi har fastsatt er å halde strandenga open, slik at den er attraktiv som hekkeområde for fuglane. Vidare skal vi hindre inngrep i fjøremarkstranda, som er eit viktig beiteområde. Om bevaringsmåla blir nådd skal kontrollrast ved registrering og overvaking av området.

### 2.5.2. Vegetasjon

Strandenga er ikkje berre viktig med tanke på hekkeplass for fuglane. Slike område blir påverka av både salt- og ferskvatn får særeigne økosystem og eit rikt biologisk mangfald. For å unngå attgroing i reservatet vil vi rydde området for framande artar og innføre beitetiltak. Gamal skog har høg

biodiversitet (summen av arts-, genetisk og økologisk mangfald i eit område). Vi har satt oss eit mål om å ta vare på furuskogen (sjå tabell 1). For retningsliner for hogst, sjå tekstaboks på side 18.

Langsetter elveløpet er det frodig kantvegetasjon, og det er viktig å bevare ei naturleg kantsone mot dyrkamarka. Vegetasjonen mellom dyrkamark og elva fangar opp jordpartiklar, næringsstoff og plantevernmidlar, og trea stabiliserer og forsterkar kanten ut mot vassdraget og reduserer faren for utrasing. Frodige kantsonar er viktige leveområde for mange dyr og fuglar, og samanhengande kantsoner har verdi som ferdselsvei og skjul for mange artar. Vidare vil tre og buskar tilføre vassdraget planterestar som er mat for insekt, fisk og krepsdyr. Desse er igjen mat for mellom anna fuglar. Sjå elles tekstaboks side 18 for retningsliner for skjøtsel av kantskog.

**Naturkvalitet**

*Naturkvalitet definerast som naturtypar, artar, geologi og landskap som skal takast vare på i eit verneområde.*

**Bevaringsmål**

*Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha, Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan til dømes presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte artar.*


**Tilstandsklasse**

*Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kvar for tilstand naturkvaliteten er i.*



Tabell 1: Bevaringsmål og tiltak for Søysetøran naturreservat

Mål nr.	Naturkvalitet	Tilstands-variabel	Bevaringsmål	Overvaking og gjennomføring	Tilstands-klasse	Tiltak
1	Strandeng og strandsump (G05)	Grad av attgroing	Halde areal med strandeng vist i figur7 opent	FM/SNO/grunneigarar/lokale organisasjonar	Middels	Rydding av tilvekst Beite
2	Strandeng og strandsump (G05)	Grad av slitasje på terrenget	Areal strandeng vist i figur 7 skal vere fri for slitasje	FM/SNO	God?	Kanalisere ferdsel utenom strandengene Sette opp bom ved parkeringsplassen
3	Stadeige biologisk mangfald	Førekomst av framande planteartar	Det skal ikkje vere framande planteartar i reservatet	FM/SNO	Dårleg	Fjerne rynkerose, svartsubær, lupin, kjempespringfrø og vindel Fjerne nye etableringar av framande artar
4	Brakkvassdelta (G07)	Inngrep i deltaet	Oppretthalde areal med brakkvassdelta innafor reservatet	FM	God	Hindre nye inngrep i deltaet
5	Fjøremarksstrand	Inngrep i strandområdet	Oppretthalde areal med fjøremarkstrand vist i figur 7	FM	God	Hindre nye inngrep
6	Furuskog	Hogst og inngrep	Oppretthalde areal med furuskog vist i figur 7	FM	God	Hindre nye inngrep Følgje retningsliner for hogst
7	Kantskog ved elveløpet	Inngrep	Bevare kantskogen i området merka av i figur 7	FM/SNO	God	Hindre nye inngrep



Figur 7: Bevaringsmål Søysetøran naturreservat (sjå tabell 1).

## 3 BRUKARINTERESSER

Forvaltninga av Søysetøran naturreservat må vere i samsvar med verneformålet og innafor rammene til verneforskrifta. Det er likevel fortsatt ønskeleg å ta omsyn til brukarinteressene så langt det lar seg gjere.

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlaget for kva aktivitetar som er tillatne i Søysetøran naturreservat. I dette kapitlet vil forskrifta bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene.

Forskrifta er bygd opp som følgjer:

**§ 2:** Nemnar formålet med vernet

**§ 3:** Listar opp kva for aktivitetar som ikkje er lov innafor vernegrensa.

**§ 4:** Nemnar aktivitetar som er unntak frå forboda i § 3, det vil seie tillate utan søknad.

**§ 5:** Listar opp kva for aktivitetar og tiltak som det kan bli gjeve løyve til etter søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktivitetar som er nemnt i § 3, men ikkje som unntak i § 4 eller som ein søknadspликтig aktivitet i § 5, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gi dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle etter § 48 i naturmangfaldloven (sjå 5.2.7).

### 3.2 Jordbruk og skogbruk

#### *Status*

Arealet til Søysetøran naturreservat omfattar blant anna beiteareal, barskog og lauvskog.

Tradisjonelt har strandenger blitt utnytta til husdyrbeite, mest for storfe og hest, men også for sau. Slått har òg vore vanleg. I dag er det ikkje beiteaktivitet innafor vernegrensa. Det er interesse for beite i reservatet med både sau og hest, om det vart gitt tilskott til gjerdehald.

Ein grunneigar har problem med erosjon og utvasking inn mot dyrkajord på nordsida av elveutløpet, like innafor grensa for reservatet. Elva tek her til å utvide elveløpet på nordsida av holmen i elva, og etter kvart som dette utviklar seg vil erosjonsfaren for dyrkamarka bli større. Det er ei eldre forbygging på den mest utsette strekninga langs dyrkamarka. Grunneigaren har eit ønske om å gjere endringar i elveløpet nord for holmen for å endre strømtilhøva i elva. Dette for å hindre den utvaskinga av eigedomen slik det er i dag.

#### *Rammer og regelverk*

I følgje verneforskrifta er all vegetasjon i vatn og på land verna mot all form for skade og øydelegging.

Unntak frå verneforskrifta er tradisjonelt beite. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta er lov utan søknad. Her må det takast omsyn til allmennheita slik at inngjerdinga ikkje stengjer ferdsselsvegar. Å legge inn gjerdeklyv eller

Fylkesmannen kan bidra med finansiering av gjerde om det fremjar verneverdiane. Motorferdsel i samband med beite eller oppsetting av gjerde er søknadspliktig. Beitetrykk må alltid vurderast mot potensiell trakkskade på vegetasjon og jordsmonn, og miljødirektoratet kan av omsyn til verneverdiane regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet. Tilleggsføring inneber ein gradvis oppgjødsling og trakkskader, og må derfor ikkje førekome i reservatet.

Vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet er lov utan søknad. Med vedlikehald meiner vi å opprettehalde den standarden som var på vernetidspunktet. Om ein må nytte motorisert ferdse i samband med dette arbeidet må ein søkje fylkesmannen om løyve. I Søysetøran er det berre registrert ei grøft, like sør for friluftsområdet. Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Her vil effektane på verneverdiane bli vurdert opp mot brukarinteressene ved handsaming av søknaden. Verneverdiane blir tillagt stor vekt.

I § 4 punkt 7 står jordbruksdrift på eksisterande dyrkamark nemnt som unntak frå forboda. I Søysetøran er det derimot ikkje dyrkamark innafor vernegrensa. Dette er ein feil, som kom av at eit areal av dyrkamarka opphavg var teikna inn i eit tidligare forslag for vern av området. Da arealet vart fjerna før den endelege vernegrensa vart vedteke, vart ikkje forskrifta korrigerert. Forskrifta vil bli retta opp.

Ein kan søkje om avgrensa uttak av tre. Sjå tekstboks side 18 om retningsliner for hogst og skjøtsel av kantskog innafor reservatet. Fjerning av tre og buskar som er til hinder for jordbruksdrifta må ein også søkje om løyve til.

Den eksisterande steinkanten mot elva kan reparerast og haldast ved like på ein enkel måte slik som den nå er ved at utglidde steinar blir lagt på plass att. Maskinelt utstyr som ein treng til å utføre arbeidet må plasserast på utsida av vernegrensa. Eventuelle tiltak ut over ordinært vedlikehald av den eksisterande forbygginga må utførast utafør vernegrensa.

Når det gjeld tiltak som kan endre vassføringa i elva har ikkje fylkesmannen heimel i forskrifta til å tillate dette. Vi har heller ikkje heimel til å gi dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldloven så lenge det ikkje er fare for liv og helse, infrastruktur eller at dei økonomiske konsekvensane er store som til dømes ved skade og øydelegging på bustadhus og/eller driftsbygningar. Eit slikt tiltak må først vurderast av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Deretter etter verneforskrifta.

#### ***Retningslinjer for jordbruk og skogbruk***

- Beiting utan for mykje slitasje på vegetasjon og jordsmonn er ønskeleg
- Grøfta sør for friluftsområdet kan vedlikehaldast
- Det er lov å setje opp gjerder utan å søkje i samband med beiteaktivitet
- Tre og vegetasjon som er til ulempe for jordbruket kan normalt fjernast, men er søknadspliktig

## Rydding og hogst

### *Generelt i reservatet*

- All skjøtsel i form av rydding eller hogst er søknadspliktig
- Hogst av furu er ikkje tillate
- Hogst av eldre lauvtrær (diameter over 25 cm) vil normalt ikkje bli tillate
- Det kan gis løyve til hogst av rogn, bjørk, selje og gråor
- Hogsten skal ikkje gi skade på markvegetasjonen

### *Skjøtsel av kantskog*

- Tre og vegetasjon i kantskogen som er til ulempe for jordbruket kan normalt fjernast
- Landbruksareal skal ha ei naturleg kantsone på  $\leq 2$  meter mot alt vatn
- Langs alle vassdrag skal vi ta vare på det naturlege vegetasjonsbeltet, jf. § 11 i vassressurslova (sjå nedst i tekstboksen)
- Kantskogen skal helst vere fleirsjikt, og bestå av både gras, urter, busker og tre
- Kantskogen skal ha variasjon i alder, høgde, bredde og tetthet på vegetasjonen
- Sett att flest lauvtrær, men med innslag av bartre

### Vassressurslova § 11

*«Langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring skal det opprettholdes et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir levested for planter og dyr. Denne regelen gjelder likevel ikke for byggverk som står i nødvendig sammenheng med vassdraget, eller hvor det trengs åpning for å sikre tilgang til vassdraget. Grunneieren, tiltakshavere og berørte fagmyndigheter, kan kreve at kommunen fastsetter bredden på beltet. Bredden kan også fastsettes i rettslig bindende planer etter plan- og bygningsloven. Vassdragsmyndigheten kan i særlige tilfelle frita for kravet i første ledd.»*



### 3.3 Friluftsliv og jakt

#### *Status*

Området er mykje brukt til friluftsliv. Det er bygd eit overbygd opphaldsareal, grillplass og eit eige toalettus innafor reservatet. I tillegg er det etablert plen og ein sandvolleyballbane. Her er det sett ut søppeldunkar. Ei flytebrygge for bading blir lagra på land om vinteren. Nærare elva er det sett ut nokre benkebord. Vidare er det fleire utlegg for fritidsbåtar i området. Her er også ein veg, parkering og ein tidlegare brukt bålplass. Areal for friluftsområdet er vist i kart i vedlegg 4.



Figur 8: Friluftsområdet på Søysetøran naturreservat. Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

#### *Rammer og regelverk*

Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Heller ikkje kan ein føre inn nye dyreartar. Verneforskrifta er ikkje til hinder for at det kan jaktast på hjortedyr og kanadagås. Likeeins kan ein drive fangst av villmink i reservatet. Kanadagås og villmink er framande artar i norsk natur og er såleis ein trussel mot det biologiske mangfaldet.

Fiske med stang og handsnøre frå land og frå båt, minst 100 meter utanfor elveløpet, er tillate heile året. Men i ei eiga forskrift om fiske etter anadrome laksefisk (laks og sjøaure) er det, frå og med 15.april til og med 30.september, vedteke ei freding av sjøområdet utanfor Sjøya. Fredinga gjeld bruk av faststående reiskap samt oter og dorg. Uttak av fjøremark og agnskjel er også lov.

Sanking av bær og matsopp er tillate.

Tidlegare var det tradisjon for bålbrekking på strandvegetasjonen i Søysetøran. Denne aktiviteten har vorte stoppa. Vegetasjonen vart øydelagt og rundt bålplassen vart det tilført næringsrike stoff som endra vegetasjonen i eit areal rundt bålet. Ein eventuell bålplass bør plasserast i friluftsområdet, der det ikkje vil øydelegge strandeng-vegetasjonen. Brekking av sankthansbål krev godkjenning frå Surnadal brannvesen, i følgje «*Forskrift om brekking av avfall, Surnadal*». Det er forbode å bruke naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement. Ein kan søke om avgrensa bruk til dette. Ein skuleklasse eller ei gruppe barnehagebarn som ønskjer å besøke området treng ikkje å søke.

Utanom eksisterande veg er det ikkje lov å bruke sykkel eller hest. Definisjonen på «eksisterande veg» er en veg som er vist på vernekartet. Grunnen til at ein ikkje ønskjer bruk av sykkel og hest i verneområdet er at dette kan føre til mykje slitasje og gradvis etablering av nye stigar. Dette er ikkje til hinder for at området kan nyttast til beite for mellom anna hest. Beite er regulert av eigedomsforhold og beiterettar.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for opplag av båtar på plassar som var etablerte på verne-tidspunktet. For eventuelle nye opplagsplassar må det søkast om løyve hos Fylkesmannen.

Det har vore interesse for å setje opp ein gapahuk ved elveløpet innafor reservatet. I 2012 vart det gitt avslag på ein slik søknad. Det er ingen heimel i verneforskrifta som tillet eller opnar for å kunne gi løyve til oppføring av nye bygg eller ein sti, så ein slik søknad må vurderast etter dispensasjonsheimelen i § 48 i naturmangfaldlova (sjå kap. 5.2.7 og vedlegg 2). Vi varslar framleis ein restriktiv haldning til å godkjenne slike søknader. Sjølv om tilrettelegging for friluftsliv i seg sjølv er positivt, vil denne samla belastninga etter kvart kunne vurderast som vesentlege dersom det skulle opnast for gapahukar i verneområda. Før vernevedtaket vart ein sentral del av reservatet opparbeidd til fitids/friluftsføremål. Slik sett er det godt tilrettelagt for friluftsliv i Søysetøran naturreservat.

#### *Retningslinjer for friluftsliv*

- Det er lov å sanke bær og matsopp i reservatet
- Fiske er tillate etter gjeldande regelverk
- Jakt på kanadagås, villmink og hjortedyr er lov

### **3.4 Informasjon**

Det er sett opp to informasjonstavler i reservatet som beskriv verneverdiane i området.

Verneforskrifta er ikkje til hinder for at ein skuleklasse eller andre små grupper kan bruke området til undervisning.

#### *Retningslinjer for informasjon*

- Informasjonstavlene skal vere oppdaterte til ein kvar tid

## 3.5 Bygningar og tekniske inngrep

### *Status*

Nedre del av Sjøya gikk tidlegare stilleflytende i store, vakre meandrar og omgitt av tette oreskogar. I dag er elva kanalisert og retta ut og truleg meir masseførande no enn tidlegare. Store areal er dyrka opp. Innafor reservatet er det fleire anlegg. Dette inkluderer veg og parkeringsplass, anlegg i friluftsområdet (sjå kapittel 3.3), grøft og naust.

Det er ei eldre forbygging på den mest utsette strekninga langs dyrkamarka på eigedom 115/11, på nordsida av elveløpet. Forbygginga er like innafor grensa til reservatet.

### *Rammer og regelverk*

Det er i følgje forskrifta ikkje lov å sette opp nye bygningar, anlegg og faste innretningar.

Vidare er det ikkje lov til mellom anna å plassere campingvogner i reservatet, føre fram nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygge vegar, drenere, ta ut masse, planere eller lagre masse, legge nye kloakkleidningar, sleppe ut anna konsentrert forureining eller å dumpe avfall. For vedlikehald av eksisterande grøfter eller etablering av nye grøfteløp, samt oppføring av gjerde, sjå kapittel 3.2.

Motorferdsel på land er forbode. Unntatt frå forbodet er motorferdsel på den etablerte vegen ned til friområdet samt parkeringsplassen ved enden av vegen. Det er lov å vedlikehalde både vegen og parkeringsplassen utan å søkje om løyve, så langt det ikkje er behov for motoriserte køyretøy utafor sjølve vegen.

For merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsevegar må det søkjast om løyve. Dette gjelder den gamle stien/ferdsevegen som går ut på strandenga til eigedom 115/4.

Det er lov med opplag av båt på etablert båtplass. Det står eitt naust ved Katteholet sør i reservatet. Naustet er delvis innafor verneområdet i følgje vernekartet. Vedlikehald av naustet er tillate utan søknad. Dette er den einaste kjente etablerte plassen for opplag av båt i Sjøsetøran naturreservat. Om det er ønskje om å opprette ein ny plass må ein søkje forvaltingsstyresmakta om løyve.

Fylkesmannen kan etter søknad gi løyve til etablering av anlegg for Kystverket.

### *Retningslinjer for bygningar og tekniske inngrep*

- Vegen og parkeringsplassen kan vedlikehaldast
- Dei etablerte anlegga i friluftsområdet kan vedlikehaldast
- Motorferdsel utanom vegen og parkeringsplassen er forbode
- Det må søkjast om opplag av båt på ny plass

## 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

I dette delkapittelet går vi gjennom dei viktigaste forvaltingsoppgåvene i Søysetøran naturreservat. Ulike tiltak er lista opp. Ein tiltakstabell ligg som vedlegg 3.

### 4.1 Oppsyn

#### *Status*

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at vernereglane og vilkåra i eventuelle dispensasjonsvedtak blir etterlevde. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsynet i verneområda i Noreg.

SNO har oppsynsmyndigheta i medhald av lov av 21. juni 1996 om statlig naturoppsyn og politimyndighet etter miljølovene (friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdselslova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og deler av forureiningslova). tillegg til kontrolloppgåvene etter disse lovene skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, overvaking og dokumentasjon. Mange av disse tiltaka blir gjort i samråd med fylkesmannen og er nærare presentert i denne planen.

#### *Tiltak*

- 1) SNO besøker området årleg, jf. bestillingsdialogen.
- 2) Infotavlene og andre skilt skal haldast i stand til ein kvar tid.

### 4.2 Skjøtsel

#### *Status*

Søysetøran naturreservat er trua av attgroing. Det er blant anna fleire framande artar som spreier seg innafor vernegrensa.

#### *Mål*

- 1) Halde heile reservatet fritt for framande artar
- 2) Halde strandengene opne slik at dei er attraktive som hekke-, raste- og overvintringsområde for fuglar

#### *Retningslinjer*

- 1) Alle skjøtels- og restaureringstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO
- 2) Aktive tiltak som krev inngrep i felt bør skje utafor hekketida
- 3) Tilbod om gjennomføring av skjøtsel og restaurering skal om mogleg tilbydast grunneigarane, jf. NML § 47

#### *Tiltak*

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for fjerning av framande artar
- 2) Rydding av tilvekst i strandengene

## 4.3 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar

### Status

Det er store verdiar knytt til plante- og fuglelivet i Søysetøran naturreservatet. Hittil har det ikkje vore systematiske kartleggingar i området. Det er i tillegg få fugleobservasjonar på artskart.

### Mål

- 1) Registreringer i Søysetøran naturreservat skal gi naudsynt kunnskap for å definere operative bevaringsmål og treffe naudsynte skjøtselstiltak for å nå målsettingane.
- 2) Overvakinga skal gi auka kunnskap om ein når bevaringsmålet.

### Retningslinjer

- 1) Fylkesmannen er ansvarleg for å etablere overvaking av naturkvalitetane i Søysetøran naturreservat, og set arbeidet bort til Statens naturoppsyn, eigna firma eller kompetent organisasjon.
- 2) Resultat av overvakinga skal rapporterast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 3) Utviklinga og tilstanden til naturkvalitetane skal evaluerast, slik at bevaringsmål kan tilpassast eit betre kunnskapsgrunnlag.

### Tiltak

- 1) Overvake naturkvalitetane kontinuerleg i tråd med bevaringsmåla.
- 2) Kartlegge naturtypar, samt plante- og dyreliv i samarbeid med ein ekstern konsulent

## 4.4 Informasjon

### Status

Det står i dag to informasjonstavler i Søysetøran naturreservat (sjå vedlegg 5).

Fagstoff om Søysetøran naturreservat finst i tillegg på internett i naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og artskart frå artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no>). På [www.miljostatus.no/more-og-romsdal](http://www.miljostatus.no/more-og-romsdal) kan ein lese meir generelt om verneplan for havstrand og elveos i fylket. I «Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal» er det også informasjon om Søysetøran. Rapporten ligg under publikasjonar frå 1995 (rapport nr. 13) på fylkesmannen sine heimesider ([www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)).

### Mål

- 1) Informasjonsplakatane og nettsidene skal til ein kvar tid ha korrekte opplysningar om naturkvalitetane
- 2) Besøkande til området skal få god informasjon om verneverdiane.

### Retningslinjer

- 1) Informasjonsstavlane utarbeidast av fylkesmannen eller av den han utpeiker til å gjere arbeidet. Det skal alltid kvalitetssikrast av fylkesmannen
- 2) Det skal vere eit godt samarbeid med andre instansar
- 3) Informasjonen skal ikkje medføre auka belastning på naturreservatet

### Tiltak

- 1) Informasjonstavlene skal vere oppdaterte



## 5 SAKSHANDSAMING

### 5.1 Forvaltingsstyresmakt

Ansvaret for forvaltinga av Søysetøran plantefredingsområde involverer følgjande myndigheiter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltinga i Noreg. Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedteke blir gjennomført. MD er overordna myndigheit for forvaltinga av område verna etter naturmangfaldloven.
- 2) **Miljødirektoratet (MID)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovudansvar for forvalting av område verna etter naturmangfaldloven. MID avgjer kven som skal vere forvaltingsstyresmakt for det enkelte verneområde. MID er klageinstans for vedtak som forvaltingsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. MID skal også veglede forvaltingsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltingsstyresmakt for Søysetøran naturreservat.
- 4) **Surnadal kommune** er styresmakt på fleire av de andre lovverka som er relevante innan fredingsområdet, til dømes plan- og bygningslova og motorferdselslova.

### 5.2 Lovverk, føringar og forvalting

#### 5.2.1 Verneforskrifta

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremme verneformålet. Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i samsvar med verneformålet. Om noko trugar verneverdiane, er det fylkesmannen sitt ansvar at naudsynte tiltak blir satt i gong. Forvaltinga av verneområdet skal skje med eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og fylkesmannen. Forvaltingsplanen for Søysetøran naturreservat er planlagt å bli revidert kvart 10. år for å fange opp eventuelle endringar i verneområdet.

Verneforskrifta for Søysetøran naturreservat ligg som vedlegg 1.

#### 5.2.2 Naturmangfaldlova

Den nye naturmangfaldloven tredde i kraft 1.juli 2009 og erstattar den gamle naturvernlova.

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltingsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvalting av eksisterande verneområde, inkludert i forvaltingsplanar. Vi vil nedafor gjennomgå prinsippa som grunnlag for arbeidet med forvaltingsplanen, blant anna ved fastsetting av bevaringsmål og skjøtselstiltak.

Offentlege vedtak som angår naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen vektleggast.

I denne forvaltingsplanen for Søysetøran naturreservat er det lagt til grunn eit kunnskapsgrunnlag frå eldre og nyare naturfaglege undersøkingar i området. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, blant anna i samband med vurdering av skjøtselstiltak. Ut frå kunnskapen vi har i dag vil tiltaka ikkje ha negativ innverknad på artane og naturtypene som vi vil ta vare på gjennom vernet. Tvert i mot vil aktive skjøtels- og restaureringstiltak forbetre situasjonen for våtmarksområda i reservatet. Forvaltingsplanen er utarbeida innafor ramma av dei restriksjonar som er satt i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltingsplanen og oppfølging av denne med stor grad av sannsyn vil føre til ein positiv utvikling for artane og naturtypene i området, jf. naturmangfaldloven §§ 4 og 5.

Det vi veit om artane og naturtypene sin utbreiing og økologisk tilstand i denne ska vurderast å vere tilstrekkeleg for å utarbeide denne forvaltingsplanen, og retningslinja om kunnskapsgrunnlaget i § 8 er oppfylt. Førre-var-prinsippet blir tillagt liten vekt i denne saka, jf. naturmangfaldlova § 9.

Forvaltingsplanen gir nærare retningslinjer for aktivitetar som er tillate i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldloven. Vurdering av den enkelte aktivitet i forhold til samla belastning i verneområdet, vil vere relevant ved vurdering av søknader om dispensasjonar frå verneforskrifta. I samband med forvaltingsplanen er det utarbeida nærare bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gi eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Verneforskrifta som forvaltingsplanen bygger på legg vesentlege avgrensningar på korleis tiltak som kan gjerast i området. Dei planlagde tiltaka vurderast til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem. § 11 i naturmangfaldlova får difor ikkje noko verdi.

Prinsippa i § 12 er relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar vurderast som aktuelt bl.a. i forbindelse med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering vurderast som relevant i forbindelse med bl.a. handsaming av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gis og eventuelt korleis vilkår som bør settast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mulig tilpassa naturkvalitetane ein ønskjer å ta vare på. Gjennom den overvaking av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

### **5.2.3 Forholdet til anna lovverk**

Det strengaste lovverket er gjeldande for området. Det er viktig å merke seg at andre lover og forskrifter gjelder i tillegg til verneforskriftene i områder verna etter naturmangfaldlova, noko som medfører at det kan være behov for å innhente løyve frå f.eks. kommunen. Ved søknader om løyve til

motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfelle vere naudsynt med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar om bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er difor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir handsama av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldloven avgrensar ikkje rådgheitsutøvinga utafor verneområdet, ut over at naturmangfaldlova § 49 fastsett at man skal ta omsyn til verneområdet i løyver for tiltak som kan innverknad på verneverdiane.

#### 5.2.4 Utgreiing om unntaksreglane i verneforskrifta

I kap. V i forskrifta er det lista opp ulike aktivitetar og tiltak som er unntak frå vernereglane. Det vil seie at dette vil vere tillate utan å søke forvaltingsstyresmakta om løyve. For å sikre ein konsekvent og føreseieleg forvaltning for ulike brukarinteresser vil vi omtale desse nærare. Vi konkretiserer innhaldet i dei tilfelle det kan oppstå tvil om korleis man skal tolke unntaka.

##### Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- **§ 4 punkt 1** Dette punktet omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld heller ikkje øving for dei aktuelle formåla.
- **§ 4 punkt 2** stadfester at drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet er lov. For Søysetøran gjeld dette grøfta som går ut i bukta like sør for friluftsområdet. Om det er behov for bruk av motorisert ferdsel i samband med dette må det søkast om løyve for dette hos fylkesmannen.
- **§ 4 punkt 3** opnar for sanking av bær og matsopp.
- **§ 4 punkt 4** stadfester at det kan jaktast på hjortedyr, kanadagås og mink, i samsvar med viltlova med forskrifter. I dag er fleire av reglane i viltloven erstatta av tilsvarende reglar i naturmangfaldloven. Jakt på hjortevilt omfattar ikkje oppføring av jakttårn eller liknande.
- **§ 4 punkt 5** opnar for fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid. Fiske med stang og handsnøre frå land og frå båt, minst 100 meter utafor elveløpet er tillate heile året. Men i ei eiga forskrift om fiske etter anadrome laksefisk (laks og sjøaure) er det , frå og med 15.april til og med 30.september, vedteke ei freding av sjøområdet utanfor Søya. Fredinga gjeld bruk av faststående reiskap samt oter og dorg.
- **§ 4 punkt 6** stadfester at tradisjonelt beite innafor reservatet er tillate. Det er interesse for beite for både sau og hest i området. Beiteaktivitet skal vurderast mot trakkskader. Noko øvre tak på tal på dyr eller type dyr settast ikkje, men det vil vere aktuelt å sette inn restriksjonar på både dyreslag og tal om det skulle oppstå klare teikn på trakkskadar og hard nedbeiting av verdifull vegetasjon.
- **§ 4 punkt 7** stadfester at jordbruksdrift på eksisterande dyrkamark som er i drift på fredingstidspunktet er lov. Dette punktet vart feilaktig ståande etter at eit areal med dyrkamark vart teke ut av eit tidlegare forslag til verneområde. I dag er det ikkje dyrkamark innafor grensa. Dette punktet er difor ikkje relevant for Søysetøran naturreservat.

- **§ 4 punkt 8** opnar for å sette opp gjerder på innmark og beiteareal utan å måtte søkje forvaltingsstyresmakta om løyve. Motorisert ferdsel i samband med oppsettinga er derimot søknadspliktig.
- **§ 4 punkt 9** stadfester at det er lov med motorferdsel på vegen ned til friluftsområdet, samt på parkeringsplassen ved enden av vegen.
- **§ 4 punkt 10** opnar for at det er lov med opplag av båt på etablert båtplass. Dette gjeld naustet ved Kattaholet sør i reservatet.

### 5.2.5 Søknadspliktige aktivitetar og tiltak

I verneforskrifta § 5 er det nemnt aktivitetar og formål som forvaltingsmyndigheita kan tillate etter søknad. I vurderinga av slike søknader vil det bli lagt vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

- **§ 5 punkt 1** opnar for at fylkesmannen kan gi løyve til motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet, samt beite og oppsetting av gjerder. Ein bør likevel unngå motorisert ferdsel på utmarksareala i reservatet så langt det er mogleg.
- **§ 5 punkt 2** opnar for at fylkesmannen kan gi løyve til merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. For Søysetøran gjeld dette den gamle ferdselsvegen som munnar ut på strandenga på eigedom 115/4.
- **§ 5 punkt 3** opnar for etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Om det skal nyttast motorisert ferdsel til dette arbeidet må det søkjast om løyve hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- **§ 5 punkt 4** opnar for avgrensa uttak av ved. Sjå kapittel 3.2 for retningslinjer for uttak av ved i Søysetøran naturreservat. Det er også aktuelt å ta ut skog og kratt som ein del av skjøtselen i naturreservatet. Dette vil ikkje skje etter denne regelen, men etter naturmangfaldloven sin § 47.
- **§ 5 punkt 5** opnar for utlegging av nye båtplassar. Det er eitt naust ved Kattaholet heilt sør i reservatet. Dette ligg delvis inne i verneområdet. Det er ikkje andre plassar som peikar seg ut som spesielt eigna for dette innafor vernegrensa. Uansett er det eit krav at det ikkje skal skade vegetasjonen.
- **§ 5 punkt 6** gir rom for å søkje om sanking av tang og tare etter løyve. Dette vil i så fall vere manuelt uttak frå land eller mindre båt. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk, som t.d. taretråling.
- **§ 5 punkt 7** opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark. Det er noko dyrka mark i randsona mot reservatet, og det kan reknast med at det vert gjeve løyve til slikt uttak der dette ikkje skadar verneverdiane.
- **§ 5 punkt 8** opnar for å søkje avgrensa bruk av reservatet til sosiale arrangement av ulik type som jaktprøver, teltleirar og idrettsarrangement. På grunn av fare for slitasje på

strandvegetasjonen vil vi vere meir restriktiv for å gi løyve til slike arrangement utafor friluftsområdet (sjå kart i vedlegg 4), der det er anlagt plen.

- **§ 5 punkt 9** gir Kystverket heimel til å legge naudsynte konstruksjonar her, og er ikkje aktuell problemstilling for privatpersonar.

### 5.2.6 Skjøtsel

§ 8 i verneforskrifta opnar for at forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastsetter, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med verneformålet. Dette vil kunne gjelde beiting, uttak av framande treslag og uttak av skog og kratt som en del av skjøtselen av naturreservatet, jf. naturmangfaldlova sin § 47.

### 5.2.7 Generelt om dispensasjon frå verneforskrifta

Kapittel VIII i verneforskrifta er ein generell dispensasjonsregel. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldloven, jf. §§ 8-12 (sjå vedlegg 2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsregelen i kap. VIII i verneforskrifta er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldloven sin § 48:

Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det naudsynt.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særleg leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelege kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

«*Dispensasjon i særlege tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet*» gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrningar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søkar og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Søysetøran naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne regelen.

«*Dispensasjon for arbeid av vesentlig samfunnsmessig verdi*» gjeld for tiltak som ikkje vart vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gis under heilt særskilte forhold av nasjonal tyding. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for å gi dispensasjon med bakgrunn i denne regelen i saker som berre har lokal eller regional tyding.

### 5.2.8 Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Søysetøran naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Tiltaket skal merkast av på kart som vedlegg til søknaden.
3. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal derfor først vurderast etter verneforskrifta før dei eventuelt vert handsama etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje gjerast om av anna lovverk.



4. Nærare retningslinjer for sakshandsaming er gitt under dei enkelte brukarinteresser. Det er viktig at det i all sakshandsaming blir gjort ei samla vurdering i forhold til tiltaket sin verknad på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
5. Klage på vedtak gjort av Fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltingsloven. Miljødirektoratet er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast til Miljødirektoratet via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vurderer om det framkjem nye saksopplysningar som gjer at vedtaket kan gjerast om. Dersom Fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt skal klagen sendast til Miljødirektoratet for endelig behandling og vedtak
6. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Surnadal kommune, Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn.

## 6 FORVALTINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT

Forvaltingsplanen for Søysetøran naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er behov for det. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standarar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.



## 7 REFERANSAR

### Publikasjonar

Direktoratet for naturforvaltning, 2006. Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2.utgave på Internett sommeren 2007.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. Februar 2010

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1996. Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Rapport nr. 13/95 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga.

Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Oppland og Norges vassdrags- og energidirektorat, 2010. Skjøtsel av kantvegetasjon.

Gederaas, L., Moen T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim

Holten, J. I, Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier*. Økoforsk rapport 1986:3A

Holten, J. I, Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser*. Økoforsk rapport 1986:3B

Kållås, J.A., Viken, Å., Henriksen S. og Skjelseth, S. (red). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lingaard, A. & Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper. Artsdatabanken, Trondheim.

Moen, A., 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Skog og landskap 2007. Marksslagsstatistikk for Surna naturreservat.

### Nettstader

Artsdatabanken <http://www.artsdatabanken.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Lovdata [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)

Miljøstatus i Norge [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

Naturbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Skog og landskap [www.skogoglandskap.no](http://www.skogoglandskap.no)

## 8 Vedlegg

### Vedlegg 1 – Verneforskrift Søysetøran naturreservat

Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 21, freding av Søysetøran naturreservat, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### § 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 114/1, 115/4,6,7 og 11.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 325 dekar, av dette er ca. 230 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Surnadal kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### § 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på det biologiske mangfaldet i eit av områda i fylket som har det mest intakte elvedeltaet i tilknytning til eit varig verna vassdrag.

#### § 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje først inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje først inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

#### § 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.

2. Drift og vedlikehold av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Motorferdsel på eksisterande vegar og parkeringsplass innanfor området (avmerkt på kart).
10. Opplag av båt på etablert båt plass.

#### **§ 5. Eventuelle unntak etter søknad**

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6 og 8, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehold av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Tang- og taresanking.
7. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
8. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
9. Etablering av anlegg for Kystverket.

#### **§ 6. Ferdsel**

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

#### **§ 7. Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

#### **§ 8. Skjøtsel**

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 9. Forvaltningsmynde**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

#### **§ 10. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.



## Vedlegg 2 – Naturmangfoldlova

### Nokre viktige reglar i naturmangfoldlova

#### § 4. (forvaltingsmål for naturtyper og økosystemer)

Målet er at mangfoldet av naturtyper ivaretas innenfor deres naturlige utbredelsesområde og med det artsmangfoldet og de økologiske prosessene som kjennetegner den enkelte naturtype. Målet er også at økosystemers funksjoner, struktur og produktivitet ivaretas så langt det anses rimelig.

#### § 5. (forvaltingsmål for arter)

Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av .

Forvaltingsmålet etter første ledd gjelder ikke for fremmede organismer.

Det genetiske mangfold innenfor domestiserte arter skal forvaltes slik at det bidrar til å sikre ressursgrunnlaget for fremtiden.

---

#### § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltingsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

#### § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

#### § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

#### § 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

#### § 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

**§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

---

**§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)**

Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltingsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltingsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

---


### Vedlegg 3 – Tabell over planlagde tiltak i Søysetøran naturreservat

<b>Tiltak</b>	<b>Prioritet</b>	<b>Utførende aktør</b>	<b>Merknader</b>
Fjerne framande artar	1	SNO	Rynkerose, kjempespringfrø, lupin, svartsurbær og vindel
Sette opp bom/gjerde på dei to vegane ned til strandenga	1	FM/Grunneigar	
Hogst/rydding av tre og kratt	2	SNO	
Kartlegging naturtypar og artar	2	Ekstern konsulent	Før revisjon av forvaltingsplanen
Informasjonsskilt	2	FM	Skilt om bandtvang Skilt om fuglar ved friluftsområdet
Endre forskrifta	2	FM/MD	Gjelder § 1 og § 4.7 (sjå kap. 2.2 og 3.2)

## Vedlegg 4 – Artsliste over registrerte planter i Søysetøran naturreservat

arve	fjærestarr	kjøtttype	roseslekta	strandarve
bakkerapp	fuglevikke	klengemaure	rustjerneblom	strandbalderbrå
bakkeryllik	furu	knereverumpe	rustsivaks	strandkjeks
bakkesoleie	føllblom	knoppsmåarve	rynkerose	strandkjempe
bekkeblom	geitrams	krypkvein	rødkløver	strandkryp
bergmjølke	geitsvingel	krypsoleie	rødsvingel	strandrug
bitterbergknapp	gjeldkarve	kvassbunke	røsslyng	strandsmelle
bleikstarr	gjetertaske	kvassdå	saltsiv	svartsurbær
blokkebær	gjøkesyre	kvass-starr	sauetelg	svinemelde
blåbær	glattmarikåpe	kveke	selje	sørlig vendelrot
blåklokke	grasstjerneblom	legeveronika	selje	tangmelde
blåknapp	grønnvier	linbendel	sisselrot	tangmeldeslekta
blåkoll	gråor	linnaea	skjoldbærer	taresaltgras
blårapp	gråstarr	lusegras	skjørbuksurt	teiebær
blåtopp	gul frøstjerne	løvetannslekta	skjørlok	tepperot
bringebær	gulaks	maiblom	skogburkne	tiriltunge
bruskmelde	gulldusk	marikåpeslekta	skogsalat	trådsiv
brønnkarse	gullris	markjordbær	skogsiv	tunbalderbrå
dunbjørk	gåsemure	markrapp	skogstjerne	tungras
einer	hagelupin	meldestokk	skogstjerneblom	tunrapp
engfiol	harerug	mjødurt	skrubbær	tunsmåarve
engfrytle	harestarr	myrfiol	sløke	tteskjeggveronika
enghumleblom	hegg	myrhatt	slåttestarr	tyttebær
engkvein	hengeaks	myrmaure	smyle	vassarve
engsvingel	hengeving	myrsauløk	småengkall	vasslirekne
engsyre	hestehavre	nikkevintergrøn n	småhavgras	vendelrot
firblad	hestehov	nyseryllik	småmarimjelle	vindel
firkantperikum	hundekjeks	ormetelg	småsyre	vrandgå
fjellbjørk	hvitkløver	paddesiv	småvasshår	øyentrøstslekta
fjellkrekling	hønsegras	perlevintergrønn	snerprørkvein	åkerdylle
fjellkvann	høymol	pors	springfrø	åkersnelle
fjærekoll	hårfrytle	pølstarr	stemorsblom	åkersvinerot
fjæremelde	jåblom	reinfann	stjernestarr	
fjæresauløk	karve	rettvinterkarse	stormarimjelle	
fjæresivaks	kjempespringfrø	rogn	stornesle	

Vedlegg 4 - Kart over friluftsområde





## Vedlegg 5 - Infotavle Søysetøran naturreservat



### SØYSETØRAN

Søysetøran naturreservat vart oppretta i 2002. Formålet med vernet er å ta vare på det biologiske mangfaldet i eit av områda i fylket som har det mest urørde elvedeltaet i tilknytning til eit verna vassdrag.

Geologi. Elvedeltaet er endestasjonen for massetransporten frå Søya. Når vatnet i utløpet misser farta, vil materialet som vatnet transporterer gradvis botnfelle. Størstedelen av dette materialet (vanlegvis sand og grus) blir ført ut og avsett i skrålag utanfor deltakanten like under fjæremålet. Saman med landhevinga fører dette til at deltaflata byggjer seg sakte opp over havnivået. Deltaet består såleis av ei oversjøisk og ei undersjøisk flate som delvis vert tørrlagt ved fjøre sjø.



Dei fleste større elvedelta både i Møre og Romsdal og elles i landet er bygde ned. Vernet av Søysetøran har såleis sikra eit unikt naturdokument for framtida. Dei naturlege prosessane kan halde fram.

**Vegetasjon.** Dei viktigaste botaniske verneverdiene i reservatet er knytt til strandengene. Her veks ulike grasartar og andre plantar som i varierende grad blir påverka av sjøvatin og ferskvatin. I ei strandeng vert såleis variasjonen mellom plantesamfunna stor. Nokre artar toler mykje sjøvatin, medan andre veks der påverknaden frå sjøen er liten. Slike område får særreigne økosystem og eit rikt



#### UTDRAG FRÅ VERNEFORSKRIFTA

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller ferdsel i utmark. Vi vil be om at du:

- viser omsyn til plante- og dyrelivet. All vegetasjon er freds mot ein kvar skåde
- respekterer at motorisert ferdsel er forbode utanom veg og parkeringsområdet. Jf. kartet.

I reservatet er det elles forbod mot mellom anna terrengingrep, utfylling, riding og sykling. Verneforskrifta og utfyllande informasjon om reservatet er lagt ut på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

biologisk mangfald. Den innførte arten rynkerose spreiar seg i reservatet til stor skade for den naturlige vegetasjonen. Det er eit mål å få stoppa den utviklinga.

**Dyreliv.** Området er viktig for sjø- og vassfugl. Dei grunne områda er eit godt matfatt for både fisk og fugl. Av omsyn til dyrelivet, må hundar vere i band i perioden 1. april – 20. august.

**Fiske.** Fiske med stang og handsnøre frå land og frå båt, minst 100 meter utanfor elveutløpet, er tillate helle året. Men i ei eiga forskrift om fiske etter anadrome laksefisk (laks og sjøaure) er det, frå og med 15. april til og med 30. september, vedteke ei freding av sjøområdet utanfor Søya. Fredinga gjeld bruk av faststående reiskap samt oter og dorg.

**Bålbrenning.** Det er forbod mot å skade vegetasjonen. Det er såleis små høve til bruk av open eid i reservatet. Unntaket er det opparbeidde området som er vist på kartet som friluftsområde. Bål vert elles regulert av friluftsløva og lokale brannforskrifter og krev såleis kommunalt løyve.

FORVALTNING, INFORMASJON OG OPPSYN  
Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, tlf. 71 25 80 00  
Statens naturoppsyn Trollheimen, tlf. 95 96 51 28  
[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no) - [www.naturoppsyn.no](http://www.naturoppsyn.no)

## Vedlegg 6 - Sakshandsaming av forvaltingsplanen for Søysetøran naturreservat

Forvaltingsplanen har vore på høyring til grunneigarar, organisasjonar, næringsaktørar og forvaltingsorgan i tida frå 02.12.2013 til 31.01.2014. Høyringa er kunngjort i Driva og Tidens krav. Det var eit opent informasjonsmøte på Rådhuset på Skei i Surnadal 12.03.2013.

Følgjande merknader kom inn medan planframlegget låg på høyring (høyringsfrist 31.01.2014):

**Statens vegvesen** ser positivt på det arbeid som ligg til grunn for etablering og realisering av forvaltingsplan for Søysetøran naturreservat. Dei minner om at dersom det vert aktuelt med skilting langs fylkesveg må ein sende inn søknad til Statens vegvesen.

### **Fylkesmannen si vurdering:**

Det ligg ikkje planer for skilting langs fylkesvegen, men innspelet tas til etterretning om det skulle bli aktuelt.

**Møre og Romsdal fylkeskommune** påpeiker at det kan liggje fornminner som ikkje er kjent under markoverflata i det aktuelle området. Dei saknar ein generell omtale om kulturminne og retningslinjer som regulerer forholdet mellom natur- og kulturverdiar.

Fylkeskonservatoren ser elles positivt på utarbeidinga av forvaltingsplana og at ho går inn for auka beiteaktivitet av strandengene, samt opne for at det kan søkjast støtte til inngjerding av innmark og beiteareal.

### **Fylkesmannen si vurdering:**

Vi tek innspelet om fornminne til orientering. I Søysetøran naturreservat ligg det ikkje registreringar frå SEFRAK eller Askeladden. På grunn av dette har ikkje vi gått nærare inn på kulturminne i denne forvaltingsplana. Vi vil dermed ikkje endre noko i plana som følgje av denne merknaden.

**Surnadal kommune** syns det er positivt at det blir utarbeidd forvaltingsplan for Søysetøran naturreservat slik at verneformålet blir oppretthaldt. Dei meiner det er særleg positivt at beite kan kome i gong att for å hindre attgroing av strandeng og strandsump. Dei har likevel nokre merknader.

Kommunen oppmodar til at kapittel 3.3 i framlagt forvaltingsplan blir endra slik at gapahuk kan byggjast i den austlege utkanten av naturreservatet slik som omsøkt av Nedre Sjøya elveeigarlag i 2012. Dei meiner at eit slikt tiltak ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig, og at det fint kan gis løyve til ein gapahuk og på same tid ta vare på dynamikken mellom vegetasjonstypene eller funksjonen som erosjonsvern blir redusert.

Surnadal kommunen ønskjer i tillegg at det blir utbetra elveløp i Sjøya for å hindre erosjon på nordsida av elva.

**Fylkesmannen si vurdering:**

Vi forstår at oppsetting av ein gapahuk innafor verneområdet kan virke som eit lite inngrep i forhold til verneverdiane. Men ved å opne opp for dette i Søysetøran og i verneområde generelt, vil ei samla belastning etter kvart kunne vurderast som vesentlege (sjå kap. 3.3). Det er allereie lagt godt til rette for friluftsliv i Søysetøran naturreservat, og vi meiner det finst alternativ for gapahuk rett utafor vernegrensa som er gode nok. Vi ønskjer difor å leggje oss på ei restriktiv linje på dette punktet, og går ikkje inn for å endre teksten i kapittel 3.3.

Når det gjeld å utbetre elveløpet til Sjøya for å hindre erosjon på nordsida av elva, viser vi til siste avsnitt i kapittel 3.2. Vi har etter høyringsrunda endra formuleringa i dette avsnittet ved å fjerne «Dersom ein ønskjer å søke om slike tiltak måtte dei i tillegg til dispensasjon frå verneforskrifta bli godkjent av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).» I staden har vi skrive « Ein slikt tiltak må først vurderast av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Deretter etter verneforskrifta». Dette for å synleggjere saksgongen.